

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.05.2023

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--|------------|
| 040/23 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 06.06.2023 |
| 028/23 | Eldreråd | 05.06.2023 |
| 027/23 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 05.06.2023 |
| 018/23 | Ungdomsråd | 05.06.2023 |

Kulturprosjekt - 2. gongs tildeling 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenn forslag til tildeling av midlar til kulturprosjekt slik det kjem fram av saka.

Eldreråd 05.06.2023:

Handsaming:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Samrøystes vedteke.

ER- 028/23 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 027/23 Vedtak:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 05.06.2023:

Handsaming:

Orientering i saka v/Eileen Feste

UR- 018/23 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 040/23 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner forslag til tildeling av midlar til kulturprosjekt slik det kjem fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka gjeld

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga kulturprosjekt.
Tilskotsordninga hadde søknadsfrist 15.04.2023

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opnearrangement og innkjøp av utstyr knytt til prosjektet. Produksjonsstøtte kan gjevast til utøvarar innan kulturfeltet, som kan vise til inngått avtale med velrennomerte visningsstadar for kunst, konsertlokale, plateselskap, forlag og liknande. Plateproduksjonsstøtte skal gå til kostnader ved prosjektet, men ikkje til eigen løn.

Tilskotet er behovsprøvd og kan eventuelt gjevast som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant.

Det er søkt om totalt kr 1.505.707. Det er kr 202.500 til disposisjon til fordeling.

Sakshistorikk

Her er ei oversikt over siste år tildeling til kulturprosjekt

| År | Tildelt sum | Merknad |
|------|-------------|--|
| 2023 | Kr 357.500 | Søknadsfrist 15.11.2022 Tildelt kr 155.000 Søknadsfrist 15.04.2023 Tildelt kr 202.500 (<i>Forslag</i>) |
| 2022 | Kr 681.500 | Søknadsfrist 15.11.2021 Tildelt kr 60.000 Søknadsfrist 15.04.2022 Tildelt kr 56.500 Søknadsfrist 01.09.2022 Tildelt kr 565.000 (tilleggstildeling) |
| 2021 | Kr 65.000 | |
| 2020 | Kr 80.000 | |

Partar

Alver idrettsråd har sendt høringsinnspel datert 26.05.2023

I deira framlegg går det fram at støtte til

1. Den Eritreisk foreining Søknad om støtte til sommaraktivitet til Mikkelparken.

Kommentar frå Alver kulturråd: Kulturrådet stiller spørsmål ved om dette er eit arrangement som er open for alle.

Tilsvaret: Sommeraktivitet for eritreiske barn kan samanliknast med eit skulekorps som skal på stemne

eller speidargruppe som skal på camp.

Konklusjon: Kommunedirektøren reduserer foreslått beløp fra kr 6.000 til kr 5000

2. Somalisk råd Vestland - Planlegg markering av somalisk nasjonaldag 01.07. samt kvinnedagen

Kommentar frå Alver kulturråd: Rådet stillar spørsmål om arrangementet er open for alle.

Tilsvar: Arrangementet er open for alle som ønsker å delta i markeringa av den somaliske nasjonaldagen som skal arrangerast i Nordhordlandshallen 01. juli.

Konklusjon: Kommunedirektøren reduserer beløp fra kr 6.000 til kr 2.500

3. Somalisk råd – søknad om støtte til trening i Nordhordlandshallen.

Kommentar frå Alver kulturråd: Midlar til trening og utstyr skal ikkje gå frå kulturprosjekt.

Tilsvar: Somalisk råd skal ikkje betale utgift til halleige for sine medlemmar under 19 år.

Konklusjon: Kommunedirektøren innstiller søknad på kr 0.

Vurdering:

Innstillinga er utarbeidd etter vedtekte retningslinjer for denne tilskotsordninga.

Musikkens venner er innstilt på underskotsgaranti på eit arrangement, ein konsertserie der ein presenterer musikk og musikarar frå andre land busett i Alver. Eikanger kultur er innstilt på underskotsgaranti på spelet om «Herman i Vikje».

| Lag/organisasjon | Søknadssum | Total kostnad | Innstilling | Grunngjeving |
|------------------------------|------------|---------------|-------------|---|
| Sæbø Skulemusikklag | 40000 | 140000 | 15000 | Oppstart Juniorkorps fra januar. Konsert i Grieghallen 15.04. |
| Nordhordland Kunstlag | 15000 | 15000 | 2500 | Kunstutstilling John Petter Havnerås - tilrettelegge for utstillingar |
| Mette Marei Træland | 1000 | 2000 | 0 | Presentasjon boken "Hunden på skjæret" + åpning av gatekunstløype Arrangement i samband med Alversunddagane |
| Alversund Musikklag | 20000 | 40000 | 0 | Samarb med Dale musikkforening. Konsertar under Daladagane (Vaksdal) og Alversunddagane |
| Nordhordland Americana club | 100000 | 150000 | 0 | Arrangere musikkveldar på etablerte og mindre etablerte scenerLydrigg + artisthonorar. Roots, rock, rockabilly, r&b, country, folk, soul |
| Galleri Rustica Leif Johnsen | 20000 | 25000 | 0 | Veving inspirert av Oppstadveven - elevarbeid vegleiiing frå kunstnar. Arbeidet vert utstilt iUllveka |
| Manger Skulemusikklag | 75000 | 100000 | 0 | Rekrutteringsprosjekt - musikkalsk tilbod til å Manger |
| Utvandringssenterets Venner | 10000 | 20000 | 0 | Har ansvar for festkveld under Utvandringfest Sletta |
| Ingrid Helene K. Raunehaug | 20000 | 20000 | 0 | Musikkinnspilling. <i>(Kan søke kulturstipende 15.11.)</i> |
| Lindås skulekorps | 60000 | 90000 | 10000 | Lindås skulekorps/Kaland skulemusikk. Samarbeidsprosjekt med Lindås ungdomslag om å setje opp ein musikal i Haugatun første helga i nov |
| Meland Mållag | 20000 | 27300 | 10000 | Elias-sminaret har eit tema i Elias Mjåtveit si ånd. Seminarerter ein del av Elias-festivalen som også har eit kulturarrangement e.l. |
| Stine Karin Sæle | 10000 | 59134 | 5000 | 8 kvinnelige artister/musikere fra NH ønsker å invitere til salme konsert i Bøkeskogen (Vollom). |
| Radøy Brass | 40000 | 50000 | 15000 | Framfører "Solsongen" 01.05. i Knarvik kyrkje m/kor |
| Den Eriteriske Forening | 32000 | 32000 | 5000 | Sommertur for barna til Mikkelparken. Skape eit |

| | | | | |
|--------------------------------|----------------|---------|---------------|--|
| | | | | godt sosial nettverk mellom barna. |
| Musikkens Venner NH | 10000 | 10000 | 0 | Presentere musikk frå dei mange ulike land og musikare som bur i Alver-konsert i Knarren |
| Musikkens Venner NH | 30000 | 42000 | 0 | Presentere musikk frå dei mange ulike land og musikare som bur i Alver - konsert i Knarren |
| Anette Hesjedal - Flytfestival | 45000 | 100000 | 25000 | Flytfestival på Rossland - musikkfestival |
| Pensjonistforbundet Knarvik | 17000 | 39796 | 0 | Dagstur med buss til Lyngheiserteret for pensjonistar |
| | | | | Mat, fysisk aktivitet, guidet omvisning inlyngheiene og musikalske innslag |
| Ullveka | 10000 | 232000 | 0 | Arrangere Ullseminar i Bergen 29.09.23 |
| Sagstad Skulekorps | 80000 | 106000 | 0 | Innkjøp av ny Bb-tuba |
| Rune Alver, Pianist | 36000 | 63000 | 0 | Sommarkonsertar med div solistar 10.-18. aug Konsertstad: Kleivdalhuset, Lyngheiserteret mfl |
| Claus Ståle Husa Sellevoll | 30000 | 40000 | 0 | Prøveframsyning Vestnorsk teater, Bergen - Olav Nygard 100 år |
| Alversund Mållag | 18000 | 25500 | 10000 | Nynorskdagane; Pubkveld, stadnamnsvandring, arr for barn, for ungdom rap/Nynorsk |
| Somaliskråd I Vestland Srv | 34050 | 34050 | 2500 | Markere/feire nasjonaldagen 01.07. |
| Stranda Bygdalag | 15000 | 17500 | 7500 | Arrangere Pride arrangement i 2023. Arrangerast for 2. gong. Blei arr. på Kløvheim hausten 2022. |
| Zingzang As | 100000 | 1220000 | 20000 | Programserie. Ny musikk, Musikkvideo, mm |
| Lindås Sogelag | 50000 | 130000 | 15000 | Byggjer vidare opp postmuseet på Feste. Postmuseet vert utvida, nytt rom og det skal setjast opp grafiske produksjonar ved inngang |
| Alversunddagane | 50000 | 170000 | 27500 | Alversunddagane 29. mai t- 04. juni |
| May Sissel Rismyhr Jansen | 86000 | 96000 | 0 | Støtte til tredje soloalbum i Grimstad |
| Galleri Rustica Leif Johnsen | 15000 | 20000 | 0 | Kjeramikkprosjekt for 7. klasse Rossland skule |
| Eikanger Kultur | 100000 | 375500 | 15000 | Spelet om Hermann i Vikje - UNDERSKUDDSGARANTI |
| Musikkens Venner NH | 10000 | 10000 | 0 | Serie konsertar å pres. musikk frå dei mange land som mange musikare i Alver kjem frå - UNDERSKOTSGARANTI |
| Musikkens Venner NH | 18000 | 26000 | 0 | Serie konsertar å pres. musikk frå dei mange land som mange musikare i Alver kjem frå |
| Kjersti Møllerup Wiik | 14185 | 39185 | 0 | Prosjekt Midtsommarkonsert Lygra kyrkje 18.6.23 med damekoret. Folkemusikalsk sommarprogram i samarbeid med Nh., turlag og Lyngheiserteret. KVENDE, pianist Vidar Eldholm, fløytist Laila Kolve, Kjersti M. Wiik, unge solistar. |
| Hundvingrend Indremisjon | 15000 | 15000 | 0 | B/u skal male trappeoppgang med lokal kunstnar |
| Petter Lexander m fl | 15000 | 15000 | 7500 | Hyllest til Arne Høyland sin musikk- "Frå hav til fjell i Nordhordland" |
| Eikanger/Bjørsvik musikklag | 100000 | 100000 | 10000 | Invitert til å representera Noreg i europa-meisterskap for brass band i Malmø, Sverige 5.og 6 mai 2023. |
| Somalisk råd | 45472 | 45472 | 0 | Tiisk til Fotballtreningslokal, utstyr til trening samt midlar til sommerkamp i 2023-2024 |
| Sæbø ungdomslag | 100000 | 250000 | 0 | Innrede lokaler til bruk av esportgruppe |
| | 1506707 | | 202500 | |

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenn tildeling av tilskot på kr 202.500 slik det kjem fram av saka.

Vedlegg i saken:

31.05.2023 Alver kulturråd utfale mai 2023

1935099